Manger Skulemusikklag

Mangerfestivalen 2024

Invitasjon til Mangerfestivalen 2024

- Samspel for aspirantar
- Konkurranse for skulekorps, generasjonskorps og juniorkorps
- Solistkonkurranse
- Festkonsert med Manger Musikklag

Laurdag 16.11.2024 i Radøyhallen

Mangerfestivalen har som hovudmål å vere ein inspirasjons- og opplæringsfestival for skulekorps.

Det vert aspirantseminar på Manger folkehøgskule. Aspirantseminaret er eit tilbod til deltakande korps.

Konkurranse og festkonsert vert halde i Radøyhallen.

I 2024 vert det tilbod om konkurranse i følgjande klassar:

Brass
Janitsjar
Junior
Generasjon
Solist

Manger Skulemusikklag

Mangerfestivalen 2024

Festivalen vert som vanleg avslutta med ein flott festkonsert.

Festivalen kostar 6000.-pr korps
medrekna konkurransedeltaking og festkonsertbillettar.
Det vil i tillegg kome ei påmeldingsavgift for korps som melder på mange aspirantar.

Informasjon kring festivalen, samt påmeldingsskjema finn de på adressa www.mangerfestivalen.no og på Facebook.

Påmeldingsfrist 1.oktober 2024
Arrangør/kontakt:

info@mangerfestivalen.no

Leiar for arrangementskomiteen er
Lene Therese Grindheim, tlf. 91665274

Manger Skulemusikklag

Mangerfestivalen 2024

PÅMELDING
Det er allereie mogleg å melde seg på Mangerfestivalen 2024, og påmeldinga vert å sende digitalt seinast 1.oktober 2024.
Skjema for påmelding finn de på Mangerfestivalen si heimeside www.mangerfestivalen.no samt i mail.
Meir informasjon og endeleg tidsplan for dagen kjem seinare til påmelde korps.

Det er viktig at spesielle ynskje vedrørande speletider vert lagt inn i kommentarfeltet på påmeldinga så tidleg som mogleg.
Me vil strekkje oss så langt mogleg for å ta omsyn til alle ynskjene, men det kan vere ei utfordring med dobbeltspelande musikantar og dirigentar som dirigerar fleire korps.
Om me vert gjort merksamme på det tidleg, har me dei beste føresetnadane for å få kabalen til å gå opp.

FOR KORPSA
Festivalen er tenkt som ein underhaldnings-konkurranse til inspirasjon.
Alle korps får ei skriftleg vurdering frå dommarane.

Speletid uansett klasse:
Maksimalt **15 min** pr korps.

Det vert open bedømming med to dommarar. Premie/diplom til dei tre beste i kvar klasse, samt vandrepokal.

FOR ASPIRANTAR
Aspirantane er korpsa si framtid og vi ønskjer å gje dei yngste musikantane eit tilbod om undervisning på, og i samarbeid med Manger Folkehøgskule, medan korpsa spelar i Radøyhallen.
Målet er å øva inn eit par nummer som aspirantane skal framføre på festkonserten om kvelden. Tilbodet om aspirantundervisning gjeld berre korpsa som deltek på festivalen, og navnelister på aspirantane skal sendast på eige påmeldingskjema som de finn på mangerfestivalen.no

SOLISTKONKURRANSE
Mangerfestivalen arrangerar også solistkonkurranse for skulemusikantar. Meir informasjon om arrangementet kjem seinare. Nedre aldersgrense for solistar er 9 år (født 2015)

Solistkonkurransen har eit begrensa antal plassar, og er forbeholdt medlemmar i korpsa som deltek i mangerfestivalen. Andre musikantar vert plassert på venteliste.

Manger Skulemusikklag

Mangerfestivalen 2024

DELTAGARAVGIFT 6000.-

Dette inkluderar:

- Samspel for aspirantar, inntil 5 stykk
- Konkurranse
- Festkonsertbillettar for musikantar og aspirantar
- Korps nr.2 frå same lag (t.d. juniorkorps), betalar kr.3000 i deltakaravgift

Tillegg:

- 6-15 aspirantar kr 800
- 16 eller fleire aspirantar kr 1300
- 400 kr per solist

Konkurransebillett: 100,- *
Festkonsert: 200,- *
***(Deltakarar gratis)**

VELKOMMEN TIL MANGERFESTIVALEN 16.11.2024

Husk påmeldingsfrist for festivalen 01.10.2024

Påmeldingsfrist for solistkonkurranse 01.10.2024

www.mangerfestivalen.no